



## Tilleggsinnkalling av Eldreråd

**Møtedato:** 07.02.2022  
**Møtestad:** Alver rådhus - kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til [arthur.kleiveland@alver.kommune.no](mailto:arthur.kleiveland@alver.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/22	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn, planprogram

1. februar 2022

Olav Magnus Steinsland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
Plannavn-  
Kommunedelplan  
for kultur, idrett og  
friluftsliv, Komnr-4631,  
FA-L01

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 06.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.12.2021
008/22	Eldreråd	07.02.2022
006/22	Ungdomsråd	07.02.2022
009/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.02.2022

## **Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram blir lagt ut slik det ligg føre.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.12.2021:**

#### **Handsaming:**

Kaia Marie Amland-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 076/21 Vedtak:**

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram blir lagt ut slik det ligg føre.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur.

#### **Bakgrunn**

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF) er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021-2024, vedtatt i kommunestyret sak 021/9608 den 25.03.2021.

KDP KIF vil ha vesentleg verknad for miljø og samfunn. Plan- og bygningslova seier at det då skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet viser korleis kommunen ønsker å arbeide med kommunedelplanen, kva tema vi ønsker å fokusere på, korleis vi vil involvere innbyggjarar til medverknad og få råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Planprogrammet deler også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

For å ivareta omsynet til samordning i overordna planlegging er prosessansvaret lagt til tenesteområdet plan og analyse, medan fagansvaret ligg til tenesteområdet kultur.

#### **Saksopplysninger:**

Alver kommune styrer no etter planverket i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er førande for planarbeidet. Alver kommune sin første samfunnsdel er under utarbeiding og skal etter planen bli vedtatt våren 2022. Hovudmåla er henta frå nokre av delmåla til kommuneplanen sin samfunnsdel, som er på høyring. Samfunnsdelen inneheld fleire delmål som dreier seg om

kultur. Hovudmåla til KDP KIF kan justerast undervegs i prosessen, basert på samfunnsdelen. Samfunnsdelen knyt også ei rekke «vegval» (strategiar) til delmåla, som skal jobbast vidare med i KDP KIF. Vidare skal det knytast tiltak til strategiane.

Vedlagt framlegg til planprogram har følgande innhald:

1. Bakgrunn
2. Føremål
3. Utviklingstrekk og sentrale tema
4. Visjon og mål
5. Avgrensing av innhald
6. Planprosess
7. Kva skal planen heite?
8. Føringar for planarbeidet

### Organisering av arbeidet

Arbeidet med KDP KIF er organisert som eit prosjekt og blir gjennomført etter ein bestemt metodikk. Prosjektet har ei administrativ styringsgruppe, prosjekteigar, prosjektleiar, prosjektgruppe og ulike referanse-og arbeidsgrupper. Utval for oppvekst, kunnskap og kultur er politisk styringsgruppe for arbeidet.

Arbeidet blir som nemnd koordinert med kommuneplanen sin samfunnsdel, som er i slutfasen. Kommunedelplanane for oppvekst og helse er også i slutfasen. Dei inneheld mykje nyttig kunnskap for kdp kif og denne kunnskapen blir nytta i planarbeidet. Vidare blir KDP KIF koordinert med kommuneplanen sin arealdel, som startar opp i 2022.

### Medverknad og kunnskapsinnhenting

Hausten 2020 blei det gjennomført eit breitt medverknadsopplegg, «Felles medverknad», for kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for helse og omsorg og kommunedelplan for oppvekst.

Mykje av kunnskapen frå Felles medverknad, er relevant for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF), og er del av kunnskapsgrunnlaget. Vedlegg 2 summerer samla kunnskapsgrunnlag. Meir medverknad og kunnskapsinnhenting skal gjennomførast i perioden januar – juni 2022. Det skal utarbeidast ein medverknadsplan med deltakarar og datoar. Medverknadsopplegget til KDP KIF vil følgje prinsippa frå Felles medverknad (vedlegg 3). Kapittla «Hovudaktivitetar» og «Framdriftsplan: Hovudaktivitetar 2020» fungerer som dømer for korleis medverknad kan gjennomførast.

### Vidare prosess

Framlegg til planprogram skal, etter at det er ferdig handsama i Utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur, leggest ut til offentleg høyring og ettersyn i minst seks veker. Kommuneplanen sin samfunnsdel er på høyring fram til 15. februar. For å unngå for stor overlapp med samfunnsdelen sin høyringsperiode, blir planprogrammet til KDP KIF lagt ut på høyring 17. Januar - 27. Februar 2022. Det blir sendt direkte til partar som har interesser for planarbeidet. Det blir også annonsert i lokalavisa og gjort tilgjengeleg på heimesida til kommunen. I tillegg skal kommunen arrangere informasjonsmøte. Dette gjer vi for å sikre medverknad frå innbyggjarar og offentlege mynde tidleg i planprosessen. Planprogrammet blir eventuelt justert i samsvar med innkomne merknader, før det på nytt blir sendt til innstilling til Utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur og blir endeleg fastsett i

Kommunestyret.

På bakgrunn av dette blir no framlegg til planprogram for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv lagt fram for vedtak om høyring og offentlig ettersyn.

Vedlegg i saka:

1. Planprogram
2. Kunnskapsgrunnlag
3. Felles medverknad, For Kommuneplanen sin Samfunnsdel og kommunedelplanane for Oppvekst og Helse.

**Vedlegg i saken:**

02.12.2021	2 Kunnskapsgrunnlag for Planprogram til Kommunedelplan for kultur idrett og friluftsliv	1653203
02.12.2021	3 Felles medverknad	1653204
02.12.2021	1 Planprogram for Kommunedelplan for kultur idrett og friluftsliv	1653205

# Kunnskapsgrunnlag

## Eksisterande kunnskap

### Medverknadsprosjekt knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel m.fl.

I perioden september 2020 til januar 2021 gjennomførte kommunen eit felles medverknadsopplegg for fleire overordna planar som pågjekk parallelt: kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for oppvekst, kommunedelplan for helse og omsorg. Opplegget bestod av spørjeundersøking, kunstprosjekt, digital samfunnsdialog, samtale med råd og utval og verkstad i regionsenteret og lokal- og nærsentra.

Mykje av kunnskapen frå medverknaden er relevant for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Vi finn at Alverbuen har sterk lokal tilhøyring, vi har aktive ungdomsmiljø og arenaer for deltaking, aktive lokalsamfunn med høg deltaking og at innbyggjarane brukar natur- og turområdet sitt – stolpejakta blir trekt fram som eit positivt tiltak. På den negative sida manglar vi tilbod som kino, symehall og kulturhus.

### Sykkelstrategi for Alver 2021- 2031

Sykkelstrategien prioriterer sykkelreiser innanfor rimeleg sykkelavstand til kvardagslege målpunkt som skule, arbeid, butikk, idrett og så vidare – dei såkalla transportetappane.

Tursykling er eit viktig, tverrfagleg tema, sjølv om det ikkje er høgt prioritert i sykkelstrategien. Sykkelstrategien peikar på moglegheiter for turruter på sykkel for rekreasjon og oppleving - som del av transportetappar og turruter mellom aktørar for berekraftig turisme. Vidare går Nasjonal sykkelrute nr. 1- Kystruta gjennom Alver. Ved å gjere strekninga gjennom Alver til ein attraktiv del av Kystruta, kan Alver tiltrekke seg fleire sykkelturistar.

### Anleggstrategi for Alver 2020- 2024

Strategien dannar grunnlag for prioriteringar av søknadar om spelemidlar i åra 2020-2024, kontinuitet i utbygginga av idretts-, friluft- og nærmiljøanlegg, og samordnar tematiske føringar og tiltak i påvente av kommunal plan for idrett i Alver kommune.

### Kulturundersøkinga 2019

Opinionsundersøkinga vart gjennomført av Respons Analyse i 2019, med 1000 respondentar.

Undersøkinga går inn på ei rekke tema – til dømes korleis innbyggjarane deltek, opplev tilboda, kva dei ønskjer og kva som hindrar dei. Undersøkinga er representativ for det breie Alversamfunnet, med respondentar frå alle delar av kommunen og med låg usikkerheit.

### Idrettsindeksen 2018

Idrettsindeksen vart utarbeidd av Telemarksforskning, med tal til og med oktober 2018. Indeksen gir oversyn over korleis Alver stillar seg i høve andre kommunar og regionale/nasjonale gjennomsnitt. Vidare omhandlar indeksen anleggsdekning og medlemsutvikling innan alle idrettar. Det må vurderast om indeksen skal oppdaterast i samband med planarbeidet.

### Kartlegging og verdisetting av friluftsområde 2016-2017

Kartlegginga kastar lys på friluftsområde i heile kommunen, med ei brei verdivurdering etter ei rekke kriterie, og er utarbeidd etter Miljødirektoratets rettleiar. Kartlegginga er vidare den første

heilskaplege registreringa av friluftsområde på lokalt nivå, og gir detaljert kunnskap, oversyn og verdisetting av friluftsområda i Alver.

### Ungdata

Ungdataundersøkingane gir viktig informasjon om status for barn og unge sine vilkår i kommunen, og er samanliknbare over tid.

### Medverknad organisasjonsprosjekt kultur

I samband med bygginga av kulturtenestene i Alver vart det gjennomført medverknadsopplegg knytt til tilskotsordningar, generelle utfordringar og moglegheiter for organisasjonslivet, og eit eige møte med korpsa.

### Brukarundersøking biblioteka

I perioden 06. mai til 20. juni 2019 gjennomførte Strilabiblioteket (biblioteka i Radøy, Meland og Lindås) si første felles brukarundersøking. Det kom inn 366 svar. Brukarane opplevde den nye profileringa til dei ulike bibliotekavdelingane som positive og det kom innspel om personalauke, betre lokale, utvida opningstid og fleire arrangement. Ei ny brukarundersøking har vore varsla for våren 2022.

### Kunnskapsgrunnlag frå Vestland fylke

Vestland fylke utarbeider regional plan for det breie kulturfeltet på same tid som Alver kommune sitt planarbeid. Ein vil i planarbeidet i Alver dra vekslar på kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunens planprosess

## Behov for kunnskap

### Temaplan for Friluftslivets ferdselsårer

Temaplanen er under utarbeiding og skal ferdigstillast desember 2021. Planen skal gje ei samla oversikt over ferdselsårer for friluftslivet kring regionsenteret, lokal- og nærsenter og skular, og regionalt viktige turmål i Alver kommune. Kartlegginga skal vera eit kunnskapsgrunnlag og danna grunnlag for Alver kommune sine prioriteringar og satsingar innan friluftslivet dei komande åra.

### Kulturmiljøplan

Kulturmiljøplanen skal identifisera og prioritera kommunalt verneverdige kulturminne og føreslå strategiar og tiltak for for korleis desse skal forvaltast. Kulturminne som vert identifiserte som verneverdige må sikrast ved hjelp av plan- og bygningslova.

### Kulturindeks

Telemarksforskning utarbeidar detaljerte kulturindeksar, og det bør vurderast om slik skal tingast i samband med planarbeidet.

### Status for aktørar, bygg og anlegg

Kartlegging status og behov for aktørar innan kultur- og idrettsfeltet, anlegg og lokalar.

### Status for kommunale tenester innan kultur og idrett

Det er behov for tilstand- og statuskunnskap for kommunale tenester og forvaltingsoppgåver, som kunnskapsgrunnlag til planprosessen

### Diverse kartleggingar

Det kan oppstå behov for ulike mindre kartleggingsoppgåver, t.d. i samband med kunstfeltet eller frivilligheita, for å danne kunnskapsgrunnlag til planprosessen.



# Felles medverknad

For kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplanene  
for helse og omsorg og oppvekst



**ALVER**  
KOMMUNE



## Innhald

Mål.....	3
Strategiar.....	3
Målgrupper.....	3
Kanalane våre.....	3
Grunnprinsipp for god kommunikasjon.....	3
Informasjonsplan for eigne kanalar.....	4
Slik skal vi bruke nettsida vår.....	4
Slik skal vi bruke sosiale medium.....	4
Slik skal vi bruke intranettet vårt.....	5
Mediestrategi.....	5
Mål for omtale.....	5
Hovudaktivitetar.....	5
Framdriftsplan: Hovudaktivitetar 2020.....	7



## Mål

- Fokus: Bygge ein ny, felles identitet
- Dele kunnskap om prosessen på ein måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra
- Bygge nettverk på tvers av generasjonar, aktørar og «gamle kommunegrensen»
- Skape tilhøyrgheit og eigarskap til samfunnsutvikling i eige nærmiljø

## Strategiar

Fire hovudstrategiar skal hjelpe oss å nå måla.

Vi skal:

- bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon
- bruke sosiale medium og digitale verkemiddel aktivt
- bruke visuelle verkemiddel som set i gang diskusjonar og profilerer prosessen
- invitere oss sjølv til etablerte møteplassar

## Målgrupper

- Innbyggjarar
- Frivillige lag og organisasjonar
- Næringsliv
- Barn og unge
- Eldre
- Alver kommune - tilsette og leiarar
- Politiske råd og utval

## Kanalane våre

- Nettside for innbyggjarar: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)
- Sosiale medium:
  - Facebook: [www.facebook.com/alverbu](http://www.facebook.com/alverbu)
  - Instagram: [www.instagram.com/alverkommune/](http://www.instagram.com/alverkommune/)
- Intranett for tilsette: [intra.alver.kommune.no](http://intra.alver.kommune.no)

## Grunnprinsipp for god kommunikasjon

Grunnprinsippa følgjer kommunikasjonsstrategien til Alver kommune (2018-2020).

Rett informasjon til rett tid – til rett målgruppe – er det viktigaste prinsippet for god kommunikasjon.

Vi skal leggje til rette for ein kommunikasjon som:

- er nær og relevant → Kommuneplanen er viktig for alle som bur og driv næring i Alver kommune. Vi skal forklare kva kommuneplanen betyr for målgruppene og korleis dei kan bidra til eller påverke arbeidet.
- er målretta, tydeleg og snakkar direkte til målgruppa → Kommuneplanen handlar om framtida vår! Vi skal bruke eit klart og forståeleg språk, ikkje eit vanskeleg fagspråk.
  - Bruk pronomena du og deg, eg og meg, vi og oss – ikkje det, ein.
  - Bruk aktive verb (byggjer) – ikkje passive (byggjast).
  - Svar alltid på kva og kven før du går i djupna og svarar på kvifor og korleis.
- gjentar sentrale budskap → Vi skal ikkje ta for gitt at alle hugsar og forstår det vi har kommunisert i starten av prosjektet. Det er viktig å dra med seg nokre hovudbudskap gjennom heile medverknadsprosjektet.
- har eit heilskapleg og profesjonelt uttrykk
- er aktiv og i forkant

## Informasjonsplan for egne kanalar

### Slik skal vi bruke nettsida vår

Vi skal:

- Informere om:
  - Prosjektet
  - Plansystemet
  - Prosessen (slik kan du påverke)
  - Framdriftsplanen (møte og aktivitetar)

### Slik skal vi bruke sosiale medium

Vi skal:

- Skape engasjement og forståing for prosessen
- Profilere alle målgrupper og arenaer for medverknad
- Annonserer og omtale alle milepålar i prosjektet – både før og etter aktiviteten

- Lenke til alle artiklar og omtalar i media

### **Slik skal vi bruke intranettet vårt**

Vi skal:

- Informere om:
  - Prosjektet
  - Plansystemet
  - Prosessen (slik kan du påverke)
  - Framdriftsplanen (møte og aktivitetar)

## **Mediestrategi**

### **Mål for omtale**

- Byggje felles identitet og kultur i Alver kommune
- Løfte fram meiningar og målgrupper
- Auke kunnskapsgrunnlaget om kommunen sitt plansystem
- Få innbyggjarar og ulike samfunnsaktørar til å forstå kva kommuneplanen betyr for dei

## **Hovudaktivitetar**

Vi må evaluere og justere opplegget utover hausten slik at aktivitetane heile tida er i tråd med nasjonale føringar og råd for smittevern.

Nokre av aktivitetane kan bli avlyst eller justert, om vi ser at det blir nødvendig. Kommunen kjem ikkje til å inviterer til store opne møte.

Dette er ei oppsummering av hovudaktivitetane vi har planlagt å gjennomføre i perioden september til desember 2020:

- **Digital dialog**
  - Spørjeundersøking
  - Samfunnsdialog
  - Kunstprosjekt
- **Nærserververkstader**
  - Eitt i kvart nærsenter (+ Knarvik)
  - Intervju med representantar frå kvart nærsenter



- Felles verkstad for alle
- Analysedag med Bylivsenteret
  
- **Temamøte (samtaler)**
  - Samle folk med interesse for og kompetanse på særskilte tema
  - Møte på biblioteket
  
- **Workshop**
  - Lag og organisasjonar
  - Alver kulturråd
  - Alver idrettsråd
  - Næringsliv
  - Landbruk og reiseliv
  
- **Ungdom**
  - Eige opplegg med ungdomsrådet
  - Eige opplegg med ungdomsklubbar
  - Ungdomsrådet jobbar med elevråd/skuleklasser på skulane sine
  
- **Barn**
  - Lage et forslag til undervisningsprosjekt
  
- **Råd og utval**
  - Drøfte sentrale utviklingstrekk og særskilte tema i Alver
  
- **Administrasjonen**
  - Strategisamling for leiarar
  - Tilsettpanel: Invitere til tverrfaglege



## Framdriftsplan: Hovudaktivitetar 2020

Framdriftsplanen er eit levande dokument og kan bli endra og supplert. Slik ser planen ut per 25. august 2020:

Innbyggjarar	Politikarar	Tilsette
--------------	-------------	----------

NÅR?	KVA?	KVEN?
21. AUG	Formannskapet <ul style="list-style-type: none"><li>Forankre medverknadsprosjektet</li></ul>	Line og Silje
31. AUG	Råd og utval <ul style="list-style-type: none"><li>Orienterer om medverknadsprosjektet</li></ul>	Line, Hans Kristian, Rolf og Marte
3. SEPT	Formannskapet <ul style="list-style-type: none"><li>Bylivsenteret</li></ul>	Kristin, Silje og Line
<b>MEDVERKNADSPERIODEN STARTAR</b>		
15. SEPT	<u>Kick-off medverknad</u> <ul style="list-style-type: none"><li>Artikkel på nettsida<ul style="list-style-type: none"><li>Samfunnsdialog</li><li>Spørjeundersøking</li><li>Kunstprosjekt</li><li>Gjestebod</li></ul></li><li>Innlegg på Fb og Insta</li><li>Pressemelding (2) – no startar vi!</li></ul>	Silje og Line
15. SEPT	<u>Kick-off medverknad</u> <ul style="list-style-type: none"><li>Artikkel på intra</li><li>E-post til leiarar med oppgåver og fristar</li><li>Kunstprosjekt</li></ul>	Silje og Line
17. SEPT	Kommunestyret <ul style="list-style-type: none"><li>Orientering om medverknadsprosjektet</li></ul>	Kristin (Line og Silje)
23. SEPT	Ungdomsrådet <ul style="list-style-type: none"><li>Workshop</li></ul>	Robert og Katarina
24. SEPT	Formannskapet <ul style="list-style-type: none"><li>Prosess</li></ul>	Line
28. SEPT →	Ungdomsrådet <ul style="list-style-type: none"><li>Representantane i ungdomsrådet jobbar med elevråd/skuleklassar på skulane sine (veke 40 – 42)</li></ul>	Robert og Katarina
<b>SEPT</b>	Dybdeintervju og fotoshoot med 1-2 frå alle nærsenter	Kommunikasjon og Trude (Bylivsenteret)
12. OKT	Eldrerådet	Line



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	
<b>12. OKT</b>	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Line og Hans Kristian
<b>12. OKT?</b>	Felles møte med ungdomsrådet og eldrerådet	Robert og Katarina
<b>13. OKT</b>	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Line og Hans Kristian
<b>13. OKT</b>	Utval for helse og omsorg <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Line og Rolf
<b>14. OKT</b>	Utval for areal, plan og miljø <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Line og Marte
<b>14. OKT</b>	Utval for næringsutvikling og drift <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Line og Hogne
<b>15. OKT</b>	Formannskapet	Kristin og Line
<b>29. OKT</b>	Kommunestyret <ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om politikutforming</li></ul>	Kristin og Line
<b>OKT</b>	Arealstrategiar <ul style="list-style-type: none"><li>• Workshop</li></ul>	Marte
<b>OKT</b>	Møte med næringslivet <ul style="list-style-type: none"><li>• Næringsutvalet får og invitasjon</li></ul>	Tove
<b>OKT</b>	Møte med lag og organisasjonar <ul style="list-style-type: none"><li>• Tema: samfunnsdelen og kommunedelplanene</li></ul>	Eileen (kultur)
<b>OKT</b>	Barn <ul style="list-style-type: none"><li>• Undervisningsopplegg i barneskulen</li></ul>	Silje/Line og Leif Bjørnar
<b>OKT/NOV</b>	Nærsenter verkstader – del 1 <ul style="list-style-type: none"><li>• Knarvik</li><li>• Ostereidet</li><li>• Manger</li><li>• Vikebø</li><li>• Bøvågen</li><li>• Frekhaug</li></ul>	Trude
<b>4. NOV</b>	Hente innspel frå toppleiargruppa	Line
<b>5. NOV</b>	Hente innspel frå tenesteleiarane	Line
<b>NOV</b>	Møteserie <ul style="list-style-type: none"><li>• Invitere tilsette til tverrfaglege diskusjonar</li></ul>	Kristin Hans Kristian Rolf
<b>18. NOV</b>	Nærsenter verkstader – del 2.1 Felles verkstad for alle i del 1	Trude og Bylivssenteret
<b>19. NOV</b>	Nærsenter verkstader – del 2.2 Analysedag med Bylivssenteret	Prosjektgruppa og Bylivssenteret



<b>DES/JAN</b>	Sende pressemelding til lokalavisene Informasjon på nett Kampanje på Facebook og Insta	Line og Silje
<b>3. DES</b>	Formannskapet	Line
<b>17. DES</b>	Kommunestyret	Line




Utkast 01.12.2021

**ALVER**  
KOMMUNE

# Planprogram

Kommunedelplan kultur, idrett og  
friluftsliv 2023-2035



## Innhold

1. Bakgrunn.....	2
2. Føremål.....	2
3. Utviklingstrekk og sentrale tema .....	3
4. Visjon og mål .....	3
1. Avgrensing av innhald.....	6
2. Planprosess .....	7
6.1 Organisering.....	7
6.2 Medverknad og kunnskapsinnhenting .....	8
6.2 Framdrift.....	10
3. Kva skal planen heite? .....	11
4. Føringar for planarbeidet .....	11
Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging .....	11
Lovar og regelverk .....	11
Stortingsmeldingar.....	12
NOU .....	13
Nasjonale strategiar .....	13
Andre publikasjonar .....	14
Vedlegg.....	14

## 1. Bakgrunn

Den 01.01.2020 blei Meland, Lindås og Radøy kommunar slått saman til Alver kommune. Dei tre tidlegare kommunane har fleire kommunedelplanar og temaplanar om kultur, idrett og friluftsliv. Handlingsdelane for idrett og friluftsliv er i Alver kommune samanfatta til ein anleggsstrategi. Elles er dei andre planane framleis gjeldande.

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (kdp kif) er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024, vedtatt i kommunestyret sak 021/9608 den 25.03.2021.

## 2. Føremål

Føremålet med planen er å peike ut retninga for kulturområdet i Alver i planperioden. Planarbeidet legg til grunn eit utvida kulturomgrep som mellom anna inneheld kulturarv, idrett og friluftsliv, kulturinstitusjonane, kulturformidling, musikk, scenekunst og frivilligheita og profesjonell kunst.

Kommunedelplan for Kultur, idrett og friluftsliv (kdp kif) skal vere ein samla plan for feltet i Alver, og blir eit sentralt styringsverktøy for innsatsen på kultur, idrett- og friluftsområdet dei komande åra. Den vil synleggjera behova og sette mål og strategiar. Den skal også ha ein fireårig handlingsplan med prioriterte tiltak. Handlingsplanen skal rullerast kvart år.

Kommunedelplanen er viktig for:

- Innbyggerane - planen seier noko om kva ein kan forvente, korleis tilbod og tenester er utforma og korleis dei skal utviklast for framtida
- Lag og organisasjonar - Planen kan omhandle rammevilkår, prioriteringar i lokalsamfunna og skal ta omsyn til lag og- organisasjonslivet sine egne mål
- Tilsette - planen skal leggje til rette for tverrsektoriell samhandling og tydeleggjere moglegheiter, utfordringar og satsingsområde for kommuneorganisasjonen
- Tenesteyting og forvaltingsoppgåver – planen vil kunne omhandle utviklinga av kommunen sine kulturtenester og forvaltingsoppgåver.
- Samarbeidspartar – dei vil kjenne kommunen sine planar og korleis samarbeid kan utviklast for å nå felles mål
- Folkevalde – planen er eit viktig politisk styringsdokument i utvikling av kultur, idrett- og friluftslivtilboda

Dette planprogrammet set mål for planen, viser korleis kommunen vil arbeide med planen og korleis framdrifta blir. Avsnittet om medverknad fortel korleis vi ønsker å få fleire til å kome med innspel og fleire til å bruke planen når den er ferdig. Planprogrammet deler også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk i kommunen innan området og peikar på aktuelle tema som vi skal sjå nærare på i arbeidet med planen.

### **3. Utviklingstrekk og sentrale tema**

Planprogrammet til samfunnsdelen gjer ei innleiande vurdering av utviklingstrekk for kultur, idrett og friluftsliv. *Alver har eit rikt og breitt kultur- og idrettsliv med svært høg deltaking, der 86% av innbyggjarane tek del i det lokale kulturlivet. Eit breitt og aktivt kulturliv er avgjerande for gode, levande og attraktive lokalsamfunn. Kulturtenesta i Alver driv kulturskule, bibliotek, kulturhus, ungdomsklubbar og frivilligsentralar, i tillegg til utviklings-, aktivitets- og forvaltingsoppgåver innan idrett, friluftsliv, kulturvern, musikk, kunst og scene. (...)*

*Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn. Alver skal byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.<sup>1</sup>*

### **4. Visjon og mål**

Hovudmåla som ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere overordna styrande for planarbeidet med KDP kultur, idrett og friluftsliv. Hovudmålet om kulturlivet frå samfunnsdelen, blir overordna visjon for planarbeidet. Vi vil i planarbeidet justere måla etter endeleg vedtatt samfunnsdel.

Hovudmåla frå høyringsutkastet til samfunnsdelen er:

- Alver har attraktive senter og lokalsamfunn
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv, som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

---

<sup>1</sup> Planprogram, kommuneplanen sin samfunnsdel, 2020, Alver kommune

**Visjonen** til planen er at Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.

Delmåla i samfunnsdelen sitt høyringsutkast blir tatt inn som førebelse **hovudmål** i planarbeidet:

1. Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod.
2. Kulturhus og svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerer som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar.
3. Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen
4. Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.
5. Ny bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeidsplassar er i hovudsak lokalisert i definerte senter.
6. Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk.
7. Innbyggjarane i Alver har ein meningsfylt og aktiv kvardag.
8. Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst.
9. Innbyggjarane i Alver har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik.
10. Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon.
11. Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon.
12. Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.
13. Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.
14. Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde.
15. Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov.
16. Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig.
17. Alver er eit attraktivt reisemål.
18. Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert organisasjon.

Samfunnsdelen knyt også ei rekke «vegval» (strategiar) til delmåla, som også skal jobbast vidare med i KDP KIF. Vidare skal det knytast tiltak til strategiane. Til dette vil fagverktøyet «Framsikt» bli nytta. Slik sikrar vi ei tettare kopling til økonomiplanlegginga.

Dei mest aktuelle **berekraftsmåla** kan vere:

- mål 3: «god helse»
- mål 5: «likestilling mellom kjønna»
- mål 10: «mindre ulikskap»
- mål 11: «berekraftige byar og samfunn»
- mål 16: «Fred, rettferd og velfungerande institusjonar»
- mål 17: «samarbeid for å nå måla»

Koplinga til FN sine berekraftsmål kan justerast i samband med utforming av planforslag.

## 1. Avgrensing av innhald

Basert på kjent, eksisterande kunnskap, har vi gjort ei vurdering for avgrensing av planen sitt innhald. Planen skal gje ei overordna vurdering av:

<b>Tema</b>	<b>Døme</b>
Kulturminne og kulturmiljø	Overordna perspektiv på kulturarv og kulturmiljø, med temaplan for kulturmiljø som operativ plan
Kultur- og idrettsanlegg	Samfunnhus, fotballbanar og tilrettelagte øvingslokale
Friluftsområde	Statleg sikra friluftsområde, friluftsområde sikra i kommuneplanen sin arealdel
Frimerområde og møteplassar der folk bur og går på tur	Hundremetersskog, leikeplass, universelt utforma turløype
Lovpålagde tenester	Bibliotek, kulturskule, ungdomsråd, forvaltingsoppgåver
Ideelle og frivillige aktørar	Frivilligsentralar, BUA, turlag
Status for ulike delar av kulturfeltet	Aktivitet ved idrettsanlegg, behov for nye anlegg, manglande innsatsområde
Næringsverksemd og profesjonell kunst	Kulturutøvarar, arbeidsmarknad og reiseliv
Tilbod og aktivitet	Undersøke samanheng mellom tilbod og behov
Alver si rolle i regionen og nærleik til Bergen	Undersøke særlegne trekk, avgrensingar og moglegheiter for ein omegnskommune i ein storbyregion

I planarbeidet skal vi vurdere behov for areal til ulike tema. KDP KIF skal koordinerast med kommuneplanen sin arealdel (KPA), slik at det blir satt av areal i arealplankartet og temakart som skal ligge ved kpa. Viktige tema å få inn i plankartet er:

- Kartlagde turvegar frå Friluftslivets ferdselsårer
- Friluftsområder, etter oppdatert kartlegging og verdsetting
- Kulturmiljø og kulturminne (i temakart.)
- Kulturanlegg
- Idrettsanlegg
- Parkering i tilknytning til idrett, kultur og friluft

## 2. Planprosess

### 6.1 Organisering

Adm. styringsgruppe	Rådmann og ass. rådmenn
Prosjekteigar	Kommunalsjef for samfunnsutvikling
Prosjektleder	Rådgevar frå plan og analyse (prosessansvar)
Prosjektgruppe	Prosjektleder, leiar for Kultur (fagansvar), leiar Strilabiblioteket, leiar Kulturskule, leiar ungdom, fritid og medverknad, to hovudtillitsvalde.
Referansegruppe*	Eigedomforvaltning, prosjekt, Drift og vedlikehald, arealforvaltning, kultur, Oppvekst, Helse og omsorg, Kulturråd, turlag, idrettsråd, ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet, friluftsrådet, museumssenteret, Vestland fylkeskommune.
Arbeidsgrupper*	Idrett, friluftsliv, bibliotek, ungdom, kulturskule, kunst scene og musikk, frivillighet, kulturvern

\*Referansegruppa og arbeidsgrupper vil kunne variere gjennom ulike delar av prosessen.

For å ivareta omsynet til samordning i overordna planlegging er prosessansvaret lagt til tenesteområdet Plan og Analyse, medan fagansvaret for planlegginga er tenesteområdet kultur sitt ansvar. Det politiske utvalet for oppvekst, kunnskap og kultur er styringsgruppe for planarbeidet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er i slutfasen. Samfunnsdelen er førande for kdp kif og planarbeida blir koordinert. Kommunedelplanane for oppvekst og helse er også i slutfasen. Dei inneheld mykje nyttig kunnskap for kdp kif og denne kunnskapen blir nytta i planarbeidet. Vidare blir kdp kif koordinert med kommuneplanen sin arealdel, som startar opp i 2022.

## 6.2 Medverknad og kunnskapsinnhenting

Plan- og bygningslova stiller minimumskrav til korleis vi skal involvere og gjere innbyggjarar og aktørar i samfunnet kjent med planarbeidet. Lova seier mellom anna at kommunen skal:

- leggje planprogrammet og planen ut på høyring og til offentleg ettersyn
- kunngjere planen i minst ei avis og gjere han kjent gjennom elektroniske media
- sikre deltaking frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, særleg barn og unge
- vise korleis vi har vurdert og lagt vekt på innspel vi får til planforslaget

Alver kommune ønsker å gjere meir enn lovkravet for å engasjere og involvere innbyggjarar og andre interessentar i planarbeid. I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse, sosial og omsorg, har det vore eit felles, breitt medverknadsopplegg. Medverknaden har inkludert kultur-tema. Kunnskap om mellom anna oppvekst og helse er også relevant for KDP KIF. I tillegg har vi anna fersk kunnskap frå medverknad, statistikk og andre undersøkingar. Eksisterande medverknad og kunnskap er lista opp under. Samanfating av eksisterande medverknad er oppsummert i vedlagt dokument.

- Medverknadsopplegg for kommuneplanen sin samfunnsdel m.m.
  - Kunstprosjekt
  - Spørjeundersøking
  - Samtale med råd og utval
  - Samfunnsdialog
- Mogleighetsstudie senterstruktur
  - Verkstad i kvart av dei sju sentra
- Organisasjonsprosjekt kultur (frivillighet, økonomi og korps)
- Brukarundersøking biblioteka
- Kulturundersøkinga 2019
- Telemarksforskning – kulturindeks og idrettsindeks
- Anleggsstrategi for Alver 2020- 2024
- Sykkelstrategi for Alver 2021- 2031
- Tidlegare planar

Behov for meir medverknad og kunnskap er lista opp under.

#### Medverknad

- Lag og organisasjonar – lokalsamfunna
- Verksemdar og utøvarar
- Brukaranalysar
- Klubbstyra, elevråda, kommunale råd
- Kommunale tenester
- Innspels- og temamøte

I forbinding med kommuneplanen sin samfunnsdel, kdp for oppvekst og kdp for helse, vart det utarbeida ein strategi for felles medverknad (vedlegg, Felles medverknad). Denne ligg til grunn for korleis vi skal gjennomføre medverknad for kdp kif – med unntak av hovudaktivitetane som allereie er gjennomført. Hovudaktivitetane og framdriftaplanen fungerer som dømer.

#### Anna kunnskapsinnhenting

- Oppdaterte indeksar
- Kartleggingar frivilligheit, aktivitet, anlegg og bygg i Alver
- Temaplan Friluftslivets ferdselsårer i 2021
- Temaplan Kulturmiljøplan i 2021-23

## 6.2 Framdrift

	2021	2022				2023		
Handsaming av planprogram i OKK- utvalet	Desember							
Planprogram på høyring		Januar-februar (veke 3-8)						
Informasjonsmøter		Januar-februar (veke 4-6)						
Vedtak av planprogram			Mars					
Medverknad og analysar		Januar- juni						
Vurdering av ny kunnskap og utarbeiding av planframlegg					Juli- des			
Politisk handsaming av planframlegg						Januar		
Planframlegg på høyring							Januar-februar	
Vedtak av plan								Mars

### 3. Kva skal planen heite?

Planstrategien seier at det skal utarbeidast ein kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Dette er ikkje nærare drøfta i planstrategien, men kommunedelplanen skal i utgangspunktet dekke eit stort og variert fagfelt som dreier seg om inkludering og integrering, kunst, kultur og frivilligheit, kunstformidling, bibliotekutvikling, kulturarv, arkiv og idrett og friluftsliv.

Dette blir ein plan som skal spegle utfordringar i samfunnet, og vise korleis kultur, idrett, friluftsliv, osv. kan bidra som samfunnsskapande kraft i utvikling av Alver.

Utfordringa blir å finne eit dekkande namn som speglar samtida og som gir retning for utviklinga av feltet. Dette blir arbeida vidare med i planprosessen.

### 4. Føringer for planarbeidet

#### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Dokumentet er retningsgjevande legg vekt på utfordringane:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

#### Lovar og regelverk

- LOV-2007-06-29-89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova), § 4 og 5
- LOV-1985-12-20-108: Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven)
- FOR-2013-12-20-1656: Forskrift om kvalifikasjonskrav for ansatte i folkebibliotek
- FOR-1987-01-05-2: Forskrift om bibliotekstatistikk
- Ot.prp. nr. 82 (2002-2003): Lov om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek
- Om biblioteklova, § 1. Uttale frå Sivilombudsmannen. «Avslag på leie av lokaler i Kristiansand folkebibliotek»
- LOV-1978-06-09-50: Lov om kulturminner [kulturminneloven]
- LOV-2008-06-27-71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- LOV-1992-08-28-103: Lov om pengespill m.v. (pengespilloven)

- FOR-1992-12-11-1056: Forskrift om fordeling av idrettens andel av overskuddet til Norsk Tipping AS
- LOV-1998-07-17-61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- LOV-1957-06-28-16: Lov om friluftslivet (friluftsløven)

### Stortingsmeldingar

- Kulturens kraft – kulturpolitikk for fremtiden, Meld. St. 8 (2018–2019)
- Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge, Meld. St. 18 (2020-2021)
- En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning, Meld. St. 7 (2020–2021)
- Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv , Meld. St. 32 (2020–2021)
- Nasjonale minoriteter i Norge — En helhetlig politikk, Meld. St. 12 (2020–2021)
- Likeverdsreformen — Et samfunn med bruk for alle, Meld. St. 25 (2020–2021)
- Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv, Meld. St. 32 (2020–2021)
- Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, St.meld. nr. 23 (2008-2009)
- Mål og meining— Ein heilskapleg norsk språkpolitikk, St.meld. nr. 35 (2007-2008)
- Utdanning for omstilling— Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning, Meld. St. 16 (2020–2021)
- Digital agenda for Norge— IKT for vekst og verdiskaping, Meld. St. 23 (2012–2013)
- Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig — Den statlege frivilligheitspolitikken, Meld. St. 10 (2018–2019)
- Frivillighet for alle, Meld. St. 39 (2006-2007)
- Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet, Meld. St. 18 (2015–2016)
- Filmmeldingen, en fremtidsrettet politikk, St. meld. St. 30 (2014-2015)
- Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre, Meld. St. 15 (2017–2018)
- Den norske idrettsmodellen, Meld. St. 26 (2011–2012)
- NB! Kommande idrettsstrategi regjeringa
- Stortingsmelding 16 (2019- 2020) Kulturmiljø
- Bak kulissene, St. meld. nr. 32 (2007-2008)
- Den kulturelle skulesekken, St.meld. nr. 38 (2002-2003)
- Kulturell skulesekk for framtida, St.meld. nr. 8 (2007-2008)
- Visuell kunst, Meld. St. 23 (2011–2012)
- Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold, Meld. St. 16 (2019–2020)

## **NOU**

- Kulturutredningen 2014, NOU 2013: 4
- Barneliv foran, bak og i skjermen, NOU 2021: 3
- Ny opplæringslov, NOU 2019: 23
- Barneliv foran, bak og i skjermen — Utvalg for beskyttelse av barn og unge mot skadelig medieinnhold – med særlig vekt på pornografisk og seksualisert innhold, NOU 2021: 3
- Levekår i byer — Gode lokalsamfunn for alle, NOU 2020: 16
- Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene, NOU 2020: 15

## **Nasjonale strategiar**

- STRATEGI 2032. Med kulturskolen inn i fremtiden, Norsk kulturskoleråd
- POLITISK PLATTFORM. Vedtatt på Landstinget 2020, Norsk kulturskoleråd
- Rammeplan for kulturskolen – Mangfald og fordjuping, Norsk kulturskoleråd
- Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 - Rom for demokrati og danning, Kulturdep. / Kunnskapsdep.
- Dataspillstrategi 2020–2022 Spillerom, Kulturdep.
- Handlingsplan for friluftsliv Natur som kilde til helse og livskvalitet, Klima og miljødep.
- Mål og strategiar 2020-2024, KORO
- Strategi for Norsk kulturråd, Kulturrådet 2019
- Sjekklista for kulturen, NOKU 2019
- Strategi for Norsk kulturhusnettverk, Norsk kulturhusnettverk 2018
- Dans i hele landet. Status, utfordringer og strategier for videre utvikling av profesjonell dans i Norge, Kulturdep.
- Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029, Helse- og omsorgsdep.
- Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030
- Riksantikvarens strategi for arbeid med kulturarv i kommunene 2019-2022

## **Regionale føringar**

Dei viktigaste regionale føringane for planen er følgande:

- Premiss kultur, regional kulturplan for Hordaland (2015- 2025)
- Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 – 2024
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland

- Strategi e-port (vert vedtatt i desse dagar. Sjekk namnet.)

### **Lokale føringar**

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (høring i oktober 2021)

### **Andre publikasjonar**

- Aabø, S. (2005). The Value of Public Libraries: A methodological Discussion and Empirical Study Applying the Contingent Valuation Method. (Doktoravhandling). Faculty of Arts. University of Oslo, Oslo.
- Kreativt Europa

### **Vedlegg**

- Kunnskapsgrunnlag
- Felles medverknad, for Kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplanane for oppvekst og helse